

Svangerskapsanalysar

Rutinemessige infeksjonsprøvar for gravide omfattar frå juni 2018 [HIV-test](#), [syfilisantistoff](#), [hepatitt B](#)-testar (HBsAg og anti-HBc) og hos dei med usikker rubella-immunitet også [Rubella IgG](#). Desse analysane utførast ved mikrobiologisk avdeling i Helse Førde.

For enkelte gravide er det også indisert å undersøke for hepatitt C-virus (HCV). Dette utførast også hos oss, men må rekvirerast separat.

Følgjande prøvar må framleis sendast til Haukeland Universitetssjukehus:

- Rutinemessige prøvar til blodtyping og blodtypeantistoff – til Avd. for immunologi og transfusjonsmedisin, på eigen rekvisisjon (3 ml EDTA-blod)
- Ved klinisk mistanke om aktuell rubella-infeksjon - til Mikrobiologisk avdeling (rubella IgM)
- Undersøking for Toxoplasma-antistoff - til Mikrobiologisk avdeling

Der det av rekvisisjonen tydeleg framgår at pasienten er gravid, vil vi sende kopi av svaret til føde poliklinikk ved Førde sentralsjukehus.

Prøvevolum til svangerskapsanalysane

Må ha 400 µl, bør ha 1500 µl.

Sist oppdatert

22.06.2018 Reidar Hjetland